Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bålbrenning

Oppskr. av: Johs. J. Nordbö

(adresse): Ålvik

Fylke: Hordaland

Herad: Samnanger

Bygdelag: Nordbygdi

Gard: Steintveit

G.nr. 20 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bål - (Bremma bål)
2. Bål er det vanlege - eller fyr.
3. ja. Eld = eit lite bål. Bål er helst nokomein
4. Nei.
5. Nei.
6. Ukjent.
7. -"-
8. a. ja
- b. ukjent
c. -"-
d. ja
9. ja Stölseld - vart kveikt då dei mjölka kyrne ute fyrste kvelden.
10. Ukjent.
11. Jonsokbålet vart kveikt om kvelden jonsokafta.
12. Helst straks før midnatt.
13. Nei; men det måtte brenna til over midnatt.
14. Nokon viss stad var det ikkje, men det var, og er, fleire stader som vert nytta. Det er stader som ligg högt og

14261

fritt, soleis at bålet vert synlegt i lang leid. Kjenner ikkje til at veg-kross har vore nytta som bålstad.

15: Jonsokbål og olsokbål, vart brende på dei same stadene.

16: Nei.

17: Ukjent.

18: Dei som var med og brende bål, var som regel ungdomar - gutar og gjentor. men det kunde og vera gifte folk med.

19: Ja.

20: Ja. - Det kan og vera ein del ungdom med.

21: Det har nok hendt; men sjeldan

22: Nei.

23: Nokon viss måte å byggja bålet på var det ikkje. Har ikkje höyrt at det vart laga grue av stein

24: Det som vart nytta til bålet var det ein kunde få tak i som var lett brennbart. Det kunde vera: tjöretunnor, gamle båtar, hövelspon, m. m.. Men det som vart mest nytta var nok tun brake, eller greiner av barskog. - Lauvved vart lite nytta.

25: Ukjent.

26: Ja, det hende nok at det vart betalt litt for gamle båtar og tjöretunnor

27: Alle som var med på å laga til bålet måtte ta sin del av kostnaden.

28: Det var visst sjeldan at det vart stole noko til bålet. Det vart spurt om lov til å ta det som vart lagt på bålet

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14261

29: Nei
30: Nei

31: Stor skilnad var det som regel ikkje. Bålet skulde vera so högt som råd. Men det var mengdi av det som kunde finnast, som avgjorde högdi.
32: Ja.
33: Ja.
34: Jonsok- og Olsokbåli skulde brenna so klårt som råd. Men vår det vart gjort „stöls-eld" då skulde det ryka so mykje som råd. - Det var vist for å skræma alle udyr.
35. Har ikkje höyrt noko om det.

36: Stölselden skulde skræma burt villdyri. Har ingenting höyrt om at det var for noko anna. - Etter at villdyri var burte frå desse kantar, var det vel berre som ein „tradisjon" med stölselden, om det ikkje var for å syna andre: „At no legg me kyrne ute."
37: —— sjå framfor.
38: Har ingenting höyrt om dette.
39: —— „ ——

40: Nei
41: Ein del av dei eldre var gjerne og med ved bålet. At dei festa heime, har me ingenting höyrt om.
42: Nei, - etter at båld var utbrent, var det vanleg at ungdomen dansa ein stad i nærleiken, det varde gjerne det meste av natti.
43: Har ikkje höyrt noko om det.
44. — mest vanleg på ein låve.
45. Ja, - det var mange som det gjorde.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14261

46: Ja.
47: Har ingenting høyrt om det.
48: Ukjent.

49: Noko viss meining har vel ingen med bålet no; det er vel helst for å ha ei lili feststund, og halda vedlike den gamle skikken.
50: Skikken har nok vore nokolunde eins, men det har nok minka ein del på bålbrenningi. No er det og mykje born og ungdom i 15-16 års alderen som brenner bål. Dei som er eldre er lite med lenger.
51. Det er so mange ting som no tek intressa til ungdomen, det var ikkje soleis før. - Alt var so mykje meir enkelt då.

Det er so mange nye ting som er komne til. - Me har film - radio. - bilar - motorsyklar og meir.

Det vil truleg ikkje gå so lenge før ~~mange av~~ dei gamle skikkar er heilt burte.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14261